

Årsmelding Bømlo Tur- og Sogelag for året 2023.

Styret

Styret i Bømlo Tur- og Sogelag har i året 2023 vore slik samansett:

Leiar: Bernt Emil Vika, nestleiar: Nils Peder Holme, kasserar: Anna Kristine Sætre, skrivar: Lars Inge Vestvik, styremedlem: Ivar Barane, styremedlem: Arvid Samdal, vara: Per Arne Barane, vara: Terje Nilssen.

Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2023 vart halde 21.mars på møterommet, Langevåg bygdatun.

Styremøte

I året 2023 vart det halde 9 styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag. I alt har styret behandla 73 saker.

Møte med komiteane

28.03.: Møte med arrangementsnemnda og stinemnda om Skjærtorsdag på Berge.

10.05.: Møte med arrangementsnemnda om servering i samband med opning av saga 21.05.

18.09.: Møte med stinemnda om turstien Berge - Bergeseidet - Hjertnesvågen gjennom Skogafjellet naturreservat. Møtet dreidde seg om kva me har lov til / ikkje lov til å gjera av vedlikehald, skilting etc. i naturreservatet.

11.10.: Møte med arrangementsnemnda om krabbafesten 11.11.

18.11.: Møte med Skriftstyret. Marius Glærum orienterte om søkemuligheter på Internett.

Organiserte møter med restaureringsnemnda har ikkje blitt gjennomførde dette året. Leiar og andre styremedlemer har halde kontakt med komiteen ved besøk under arbeidet med restaurering av husa.

Vedlikehald

Bergehuset: I løpet av året 2023 har det vore utført mykje vedlikehaldsarbeid i Bergehuset. Dei ansvarlege for Bergehuset møter stort sett opp til dugnad éin gong i veka og gjer eit framifrå arbeid. Toalettet har fått nytt golv. Utstillinga i andre høgda er fornya og fint tillaga. Det er lagt varmekabel på vassrøyret inn i huset. Varmepumpe nr. to i huset er montert i stova mot vest. Montering av ein del armatur for spotlight i andre etasje er i gang.

Saga: Saga er no ferdig restaurert. Sjå òg under arrangement lenger nede.

Kvernhuset i Vorlandsskogen: Restaureringsarbeidet på kvernhuset i Vorlandsskogen har halde fram også i 2023. Arbeidet med slåket og demningen nærmar seg fullført. Ei "trakt" over kvernsteinane er under planlegging. Ein dugnadsgjeng har arbeidd annankvar tysdag gjennom deler av året.

Fridtun: På Fridtun har ein dugnadsgjeng arbeidd annankvar tysdag gjennom store delar av året. Ein er i ferd med å leggja til rette for følgjande avdelingar / utstillingar: post, telegrafstasjon, butikk, skule, bedehus og fiskeri. Ein del bilete med tema frå krigen er monterte. Loftet vil få utstilling av diverse gamle gjenstandar. Det er montert nye spotlight i taket i hovudetasjonen. Ein tar sikte på å bli ferdig med arbeidet til Kystsogedagane 2024.

Hilleborgstova: I Hilleborgstova har det i 2023 vore utført vanleg tilsyn og reinhald.

Karinestova: I Karinestova har ein roten bærebjelke i skuten blitt skifta ut. Elles vanlig tilsyn og reinhald.

Ådnahytta: På Ådnahytta har det i 2023 vore utført vanleg tilsyn og reinhald.

Fyrlykta: Fyrlykta er malt to gonger med slitesterk maling.

Arrangement

Skjærtorsdag 6. april var det atter arrangement på Berge, etter fleire år med pause pga. korona. Veret var bra, og mange folk møtte opp. Deltakarane vart oppfordra til å gå til Melkevik ved Vestre Vika i staden for Bergeseidet dette året. Stien langs Bergesvatnet er svært rasfarleg. Arrangementet var elles tradisjonelt med sal av pølser, vaflar og kaffi. Leikar for barna og utlodding på startbilletten.

Søndag 21. mai var det offisiell opning av den nyrestaurerte saga ved Vorlandsvågen. Veret var strålende den dagen, og mykje folk møtte opp. Mange kom sjøvegen. Korpset kasta glans over

arrangementet ved å spela flott musikk. Arrangementsnemnda hadde laga til servering av kaker, kaffi og saft. Einar Vorland, som er eigar av saga, var spesielt invitert til å vera med og starta saga. Ein tømmerstokk vart dradd opp av sjøen og kløyv opp for å visa at saga fungerer. Ein av gjestene, Ivar Thompson, hadde vore med på saga som ung, og var komen heilt frå USA for å delta på arrangementet.

Søndag 24. september arrangerte sogelaget foredrag om dei svært hemmelege Stay Behind-gruppene i etterkrigstida. Oberstløytnant og forfattar Geir Arild Høiland heldt foredrag og viste bilete. Omlag 40 personar deltok på arrangementet.

Laurdag 11. november gjekk den tradisjonsrike krabbafesten av stabelen i bygdatunet. Omtrent 70 personar deltok på festen. Krabbe og reker hadde me i år kjøpt hos Bokn Sjømat. Kvaliteten var svært god. Medlemmene i arrangementsnemnda hadde laga kaker og diverse dessertar. Knut Vika underheldt med song og opplesing. Elles var det diverse programpostar som quiz og presentasjon av årets Leidarsteidn og det sogelaget driv på med for tida. Ivar Barane spela dansemusikk frå anlegg. Festen var svært vellukka.

Sogelaget deltok med stand både på kystsogedagane og julemessa.

Turstiane

Dei fleste turstiane i Bømlo Tur- og Sogelag si "eige" er no merka med oppslagstavler og retningspilar. Turstiane Anddal - Bergeseidet - Hjertnesvågen og Berge - Bergeseidet er framleis ikkje merka. Stien Berge - Bergeseidet og Bergeseidet - Hjertnesvågen går gjennom Skogafjellet naturreservat og Tjongspollen naturreservat. Sogelaget har difor vore i kontakt med Statsforvaltaren i Vestland, ved Magnus Steinsvåg, for å få opplysningar om kva omsyn me må ta ved merking av stiane der. Det har difor drege ut i tid. Den 15. november var to representantar frå Statens Naturoppsyn og Magnus Steinsvåg saman med sogelaget og såg på stien langs Bergesvatnet ved "Da Idla". Dei konkluderte med at stien der er svært rasfarleg, og bestemte at stien skulle stengjast for bruk i regi av sogelaget. Det betyr at sogelaget må fjerna alle merke, og setja opp skilt om stenginga. Tauet som er lagt ut må også fjernast. Ny trasse er planlagd over Skogafjellet. Me har fått løyve til å merka og skilta etter retningslinene i Turistforeningen si bok "Merkehåndboka". Arbeidet med desse stiane må me prøva å få gjennomført i løpet av våren / sommaren 2024.

Når det gjeld turstikonkurransen Trimpoeng, vart det bestemt at den skal gå føre seg frå 1. januar 2024 til ut september. Ellen Vold og Bertha Marie Eidesvik gjer ein svært god jobb med administrasjon av opplegget.

Leidarsteidn

Årsheftet Leidarsteidn var klar for sal 18. november. Haugesund Bok og Offset stod for trykkinga. Heftet vart lagt ut for sal på Spar Bømlo, Bømlo Bil, Joker Espevær og Norli på HSD-senteret. På julemessa i Bygdatunet hadde sogelaget ein stand der årets hefte pluss gamle utgåver var for sal. Salet av Leidarsteidn gjekk svært bra, med rundt 600 selde eksemplar.

Gåver

Ein del bøker med førehavingar frå Hordaland Fylkesting frå Lars Eidesvik. Eit "godteskap" og eit stativ for innpakkingspapir frå butikken til Ole Barane ved Bjarne Nilssen.

Pengegåver

Tilskot på kr 20.000 frå Stiftelsen Espevær Gjensidige til Fridtun, Bergehuset og kvernhuset.
Tilskot på kr 50.000 frå Sparebanken Vest til merking av turstiar.
Tilskot på kr 5.000 frå Bømlo kommune til Trimpoeng.
Gåve på kr 10.000 frå Bømlo Maskin AS i samband med opning av saga.
Gåve på kr 5.000 frå Roy Olson i samband med opning av saga.
Gåve på kr 5.000 frå Simon og Helene Eidesviks Støttefond ved Anne Margrethe Eidesvik i samband med opning av saga.
Tilskot på kr 50.000 frå Forsvaret til biletutstilling m.m. på Fridtun.

Tilskot på kr 10.000 frå Finnås Kraftlag til belysning i Bergehuset.
Gåve på kr 2.000 frå Bømmeløy AS ved Borgny Eidesvik til Trimpoeng.
Gåve på kr 7.500 frå Pedersen Maskinering AS til Trimpoeng.

Utleige

Bergehuset vert leigd ut med jamne mellomrom til ei lita gruppe som driv med husflidsaktivitetar. Elles nokre mindre arrangement.

Tysdag 19. desember leigde Hillestveit skule Bergehuset til juleavslutning for mellomtrinnet. Graut og saft vart servert. Bernt Emil Vika var med og fortalde om Bergehuset og jul i gamle dagar. Vellukka arrangement.

Representasjon

Bernt Emil Vika og Torhild Vika representerte Bømlo Tur- og Sogelag på Hordaland Sogelag sitt årsmøte og lokalhistoriske dagar på Askøy 25. - 26. mars.

Den 25. april deltok Bernt Emil Vika på eit møte i regi av Bømlo kommune om gamle lydopptak som no er gjort tilgjengelege på Bømlo kommune sine internettsider.

Nils Peder Holme og Bernt Emil Vika deltok på Sparebanken Vest sitt arrangement om utdeling av pengegåver 21. november.

Nye Internettsider

Sogelaget sine internettsider hadde i mange år vore produserte på éin spesiell datamaskin. Når no denne maskinen krasja, var det ikkje lenger mogeleg å redigera sidene. Me tok kontakt med Krister Vold som sa seg villig til å laga nye. Desse er slik laga at har ein brukarnamn og passord, kan ein redigera sidene på kva datamaskin som helst. Stor takk til Krister Vold. Internett-adressa til sogelaget er www.b-ts.no.

Bømlo, 17.01.2024

Bernt Emil Vika

Leiar Bømlo Tur- og Sogelag